



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref:
2024/511-6

Sakshandsamar:
Kjetil Vik
Kjetil.Vik@bykle.kommune.no

Dato:
26.09.2024

Høyringsvar – Utredning av inntaksmodeller til vidaregående opplæring i Agder

Med atterhald om vedtak i Levekårsutvalet 9. oktober 2024 og Kommunestyret 17. oktober 2024 sender Bykle kommune inn følgjande høyringsvar:

Kommunestyret gir følgande høyringsinnspel til «*Utredning av inntaksmodeller til vidaregående opplæring i Agder*»:

Kommunestyret stør Agder fylkeskommune sitt mål om å oppretthalde dagens desentraliserte skulestruktur.

Føretrekt inntaksmodell er modell 2, noverande modell – nærskuleprinsippet.

Det er ønske om at fleirtalet av alle Vg1-elevar skal kunne bu heime, og at det ikkje skal vere naudsynt å flytte for å gå på Vg1.

Ved at elevane får nærskulepoeng ved alle skulane, kan ein sikre at flest mogleg får gå på ein skule der dei allereie har eit nettverk og sannsyn for gjennomføring aukar.

Denne særordninga som gjeld ungdom frå Bykle og Valle kommunar er det viktig at vert vidareført.

Modell 2 sikrar i stor grad elevane si moglegheit til å gå på ein skule anten nær eigen bustad, eller i nærleiken av familie/nettverk. Samtidig inneber Modell 2 at dersom ungdom søker eit tilbod som ikkje finst på nærskulen i eigen region, så konkurrerer ungdommen med nærskulepoeng på alle skular i Agder som har det aktuelle utdanningsprogrammet.

Med helsing
Bykle kommune

Kjetil Vik
Skule- og oppvekstansvarleg

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.